

Arna

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Forskjellar
- 5.1. Yngre og eldre dialekt ➤
6. Dialektpørvar ➤
7. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Industristad frå 1840-åra
- Eigen kommune frå 1964
- Omfatta landområda på sørsida av Sørfjorden mellom Ytre Arna og Trengereid
- Ein del av Bergen kommune frå 1972
- Areal (1972, ved samanslåinga med Bergen): Om lag 100 km²
- Innbyggjartal per 01.01.1971 (før samanslåinga med Bergen): 11 476
- Den tidlegare kommunen utgjer no bydelen Arna i Bergen.
- I 1964 blei det opna ein jernbanetunnel gjennom Ulriken, som reduserte reisetida frå Arna til Bergen sentrum til nokre minutt.
- Etter at jernbanetunnelen gjennom Ulriken blei opna, har det vore sterkt næringsutvikling og mykje bustadbygging i Arna.
- I nyare tid er næringsmiddelindustrien den viktigaste.

2. Lytt på dialekten

➤ [L](#) Klikk her og hør på opptak frå Arna.

Tekst 1:

Ytre Arna det er ei bygd som vaks opp rundt Arne fabrikker. Arne fabrikker vart etablert i 1846 og varte vel til fram på, midt på 1970-talet. Her hadde ikkje vore nokon ting anna enn eit par gardar viss det ikkje hadde vore for denne her fabrikken, eller "fabrækkjæ" sånn som me sa. Me har ein del æ-ar inni språket vårt. Me seier "ælvæ", og lenger uti fjorden har me ein plass som heiter Breistein, som me sa "Bræsstei". Og så, me har vel ein del sånne språklege særeigenheiter. Første skulen her på plassen, den kom i 1857, og den er her fortsatt, men no i nye lokale. Og me hadde òg landets eldste forbruksforeining, og den vart starta på 1860-talet. Og, ja, sant, og då har me vel fått historia på plassen her sånn i eit, i ein kortversjon. I dag er det ein plass kor me stort sett sov og et. Her er lite industri igjen.

Informant: Mann, fødd 1945

Tekst 2:

- Hvor i England var dere henne?
- I London. Eller vi bodde utenfor London, da. I Ealing. Så var vi, engelskklassen, vi var på studietur til London. Så det var veldig kjekt. Så bodde vi hos vertsfamilier, da. Ja. Ja. Jeg og en venninne, vi ble plassert hos et gammelt ektepar, og de vartet oss opp hele tiden. Vi fikk mat hele. Det var kjempekjekt.
- Hadde det fint der.
- Ja, vi hadde det veldig bra.
- Det er jo litt spennende når en skal bo hos en engelsk familie, sånn hvem en kommer til.
- Ja, vi var jo kjempespent på hvem vi skulle komme til da, men de var veldig grei. Så det var kjempekjekt. Var vi der en uke, fra søndag til søndag.
- Det er jo bra.
- Så masse og.
- Var dere rundt og så på turistattraksjoner og sånn?
- Ja, vi var på mange. Det var vi.
- Var dere på noen skoler?
- Nei, det var vi ikke. Altså, det var kanskje noen andre som var det. Vi, for vi skulle jobbe med sånt prosjekt mens vi var der nede, da. Noen som hadde musikk, og noen som hadde sånn dans eller mote var det vel, og fotball var det noen som hadde. Ja, vi hadde musikk, da. Jeg og så noen andre. Og vi skulle på besøk til sånn organisasjon der nede, så vi var på det, og så, ja, det var sånn undersøkelse. Vi måtte spørre folk på gaten om litt forskjellig, og så skulle vi presentere det for alle sammen, da, siste dagen vi var der. Vi var liksom på en sånn skole der nede. Altså, det var en sånn internasjonal skole som liksom organiserte det opplegget som vi hadde, da.

Informant: Kvinne, fødd 1987

Intervjuarar: Kvinne, fødd 1975, Bømlo kommune, og kvinne, fødd 1954, Bergen kommune.

3. Nokre særdrag

Info om lydskriftsystemet ➤T

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.] og nordhordlandske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på -a ➤T[eigen art.]K: *å kasta, å laga*
- svake hokjønnsord (dvs. hokjønnsord som har meir enn éi staving, og som endar på vokal i oppslagsforma) endar på -a i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ei visa, ei jente*
- det er skilnad i bøyinga på svake ➤O og sterke ➤O hokjønnsord i bestemt form eintal (men ikkje i bestemt form fleirtal) ➤T[eigen art.] K:

visa	viså	vise	visna	'vise'
ti	tię	tie	tienā	'tid'
- i den eldre dialekten er det vanleg med palatale lydar ➤T (dvs. lydar med j-klang): *stykke, rydden* 'stykke, ryggen'
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤T[eigen art.]K

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege: *a, e, i, o, u, y, ø, å, au, ei, oi, ai, øy*. Dessutan har ein desse "tilleggsvokalane":

ɛ som er ein open ➤O e-lyd, ein œ-farga *e*. Dette er eigentleg œ-lyden i målet, ein œ-lyd som ikkje er på langt nær så open som den vanlege austlandske œ-lyden. Føre *r* er denne lyden gjerne litt opnare enn i andre posisjonar.

ø som er ein å-lyd med ø-klang. Lyden kan vera lang og kort, men er han kort, er ofte lyden mindre ø-farga.

Konsonantane er dei vanlege me kjänner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

k̊, d̊, som blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tən̊ka, byd̊da*

'tenkja, byggja'. Men desse to lydane veksler også ofte med *k* og *g* i bøyingen av ord, og det blir kommentert under substantiv ➤L.

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me denne lyden for ein velar nasal: *óynjel* 'ongel'.

Som dei fleste andre dialektane i Nordhordland har ikkje arnamålet tonemforskjell ➤O, dvs. at det ikkje finst ordpar der tonegangen ➤O er den einaste tydingsskiljande faktoren. I dei fleste andre dialektar ville ein tonemforskjell ha skilt det eine ordet i dette ordparet frå det andre:

Tonem 1: 'spira (bestemt form fleirtal av *spir* 'kyrkjespir')

Tonem 2: 'spira (infinitiv ➤O av *å spira*)

Men i arnamålet blir begge desse orda uttalte likt.

b. Lydmønster

Etter *d*, *l*, *n*, *r*, *s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som '*n*', dvs. at vokalen fell ut og *n-en* åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter altså for eksempel *gris'n* og ikkje *grisen*.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstret for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤O (*time*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Me har difor plassert *e-en* i ein parentes:

1.	<i>-(e)</i>	<i>-en</i>	<i>-a</i>	<i>-ane</i>
----	-------------	------------	-----------	-------------

Det vil seia at *hest*, *gut* og *time* blir bøygde slik:

<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>
<i>gut</i>	<i>gut'n</i>	<i>guta</i>	<i>gutane</i>
<i>time</i>	<i>timen</i>	<i>tima</i>	<i>timane</i>

På grunn av at endinga *-en* i *hesten* og *guten* står etter *t*, blir orda i bestemt form eintal uttalte *hest'n* og *gut'n*, jf. Lydmønster ➤L.

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2.	-	-en	-e	-ena
----	---	-----	----	------

Slik går m.a. *søkk*, *sau*, *bøkk*, altså på denne måten:

<i>søkk</i>	<i>søkken</i>	<i>søkke</i>	<i>søkkena</i>
<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>suae</i>	<i>sauena</i>
<i>bøkk</i>	<i>bøkken</i>	<i>bøkke</i>	<i>bøkkena</i>

Avvikande bøying frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>föt</i>	<i>föt'na</i>
<i>bror</i>	<i>bror'n</i>	<i>brør</i>	<i>brør'na</i>

Ein del ord med stavinga *-al*, *-ar*, *-el* og *-er* følgjer første bøyingsmønstret, men dei får samandraging ►O i fleirtal:

<i>apal</i>	<i>apal'n</i>	<i>apla</i>	<i>aplane</i>	'epletre'
<i>habmar</i>	<i>habmar'n</i>	<i>hamra</i>	<i>hamrane</i>	'hammar'
<i>lykkel</i>	<i>lykkel'n</i>	<i>lykla</i>	<i>lyklane</i>	'nøkkel'
<i>åker</i>	<i>åker'n</i>	<i>åkra</i>	<i>åkrane</i>	

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ►O har dette bøyingsmønstret:

3.	-	-e	-e	-ena
----	---	----	----	------

Dermed får orda *ti* og *skål* slik bøying:

<i>ti</i>	<i>tię</i>	<i>tie</i>	<i>tienas</i> 'tid'
<i>skål</i>	<i>skålę</i>	<i>skåle</i>	<i>skål'na</i>

Dei fleste svake hokjønnsorda ►O har slik bøying:

4.	-a	-å	-e	-ena
	<i>visa</i>	<i>viså</i>	<i>vise</i>	<i>vis'na</i>
	<i>nasa</i>	<i>naså</i>	<i>nase</i>	<i>nas'na</i>

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *-a* i fleirtal:

5.	-	-ę	-a	-ane
----	---	----	----	------

Slik bøyning har f.eks. *myr* og *bygd*:

<i>myr</i>	<i>myrε</i>	<i>myra</i>	<i>myrane</i>
<i>bygd</i>	<i>bygdε</i>	<i>bygda</i>	<i>bygdane</i>

Desseorda har avvikande bøyning frå hovudmønstra i hokjønn:

<i>klo</i>	<i>klonε</i>	<i>klo</i>	<i>klød'na</i>
<i>mor</i>	<i>more</i>	<i>mør</i>	<i>mør'na</i>
<i>kyr</i>	<i>kyrε</i>	<i>kyr</i>	<i>kyd'na</i>

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	<i>-(e)</i>	<i>-e</i>	<i>-(e)</i>	<i>-ε</i>
----	-------------	-----------	-------------	-----------

Orda *hus* og *çple* får dermed denne bøyinga:

<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>husε</i>
<i>çple</i>	<i>çple</i>	<i>çple</i>	<i>çplε</i>

Dette er det dominerande bøyingsmønstret for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ►O (*çple*), mens andre ikkje gjer det (*hus*). Me har difor plassert *e-en* i ein parentes.

Ordet *aua* 'auge' har avvikande bøyning:

7.	<i>-a</i>	<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>-ena</i>
	<i>aua</i>	<i>aua</i>	<i>aue</i>	<i>au'na</i>

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bok* heiter *boķa*, *sag* heiter *saja*, *fijŋ* heiter *finjen*, og *vegg* heiter *vedđen* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *č*, mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vegg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *sag*) og etter *n* (jf. *fijŋ*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma,
- i fleirtal av hokjønnsord med *-e* og *-ena* som endingar (dvs. klasse 3 ovafor), og
- i heile inkjekjønn.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤O kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a	-a	-a	-a
----	----	----	----

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
--------------	--------------	--------------	--------------

2. *døma*-klassen:

-a	-e	-de/-te	-t
----	----	---------	----

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>nemna</i>	<i>nemne</i>	<i>nemde</i>	<i>nemt</i>
<i>venna</i>	<i>venne</i>	<i>vende</i>	<i>vent</i>
<i>kjøpa</i>	<i>kjøpe</i>	<i>kjøpte</i>	<i>kjøpt</i>
			'venda'

Verba som har konsonantane *g*, *l*, *m*, *n*, *r* eller *v* føre endinga, som altså *nemde*, *levde* osv., får endinga *-de* i preteritum ➤O. Dersom verbet har konsonantane *p* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: *kjøpte*.

3. *greia*-klassen:

-a	-e	-dde/-tte	-tt
----	----	-----------	-----

Altså:

<i>bløyta</i>	<i>bløyte</i>	<i>bløtte</i>	<i>bløtt</i>
<i>bøya</i>	<i>bøye</i>	<i>bødde</i>	<i>bøtt</i>

Når desse verba får tillagt endingane *-dde/-tte* og *-tt*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har diftong ➤O framom infinitivs-a-en: *bøya*, *tøya*, *pløya*.

4. *meina*-klassen:

-a	-a	-de/-te	-t
----	----	---------	----

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>laga</i>	<i>laga</i>	<i>lagde</i>	<i>lagt</i>
<i>baka</i>	<i>baka</i>	<i>bakte</i>	<i>bakt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum ➤O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *bakte* med -te og *lagde* med -de. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *lika*, *baka*, *laga* osv.

5. *telja*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-</i>	<i>*-de</i>	<i>*-t</i>
-----------	----------	-------------	------------

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen ➤O i verbet kan skifta:

<i>telja</i>	<i>tel</i>	<i>talde</i>	<i>talt</i>
--------------	------------	--------------	-------------

Her som i *døma*-klassen bruker ein -te i preteritum ➤O etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

<i>-</i>	<i>-r</i>	<i>-dde</i>	<i>-tt</i>
----------	-----------	-------------	------------

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤O, og altså -r i notid:

<i>bu</i>	<i>bur</i>	<i>budde</i>	<i>butt</i>
<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>trudde</i>	<i>trutt</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤O ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen ➤O mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *fara* – *fær* – *for* – *fare*. Her er vokalskiftet altså *a* - *ɛ* - *o* - *a*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤O (*for*), og perfektum partisipp ➤O har oftast endinga -e (*fare*) Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i* - *i* - *ei* - *e*):

<i>bita</i>	<i>bit</i>	<i>beit</i>	<i>bete</i>
<i>slita</i>	<i>slit</i>	<i>sleit</i>	<i>slete</i>

2. klasse (*y* - *y* - *au* - *ó*):

<i>bryta</i>	<i>bryt</i>	<i>braut</i>	<i>bróte</i>
--------------	-------------	--------------	--------------

<i>sjyta</i>	<i>sjyt</i>	<i>skaut</i>	<i>skôte</i>
--------------	-------------	--------------	--------------

3. klasse (*i/e/ɛ - i/e/ɛ - a - u/ø*):

<i>fidna</i>	<i>fidn</i>	<i>fadn</i>	<i>fudne</i>
<i>drekka</i>	<i>drekk</i>	<i>drakk</i>	<i>drokke</i>
<i>brødna</i>	<i>brødñ</i>	<i>bradn</i>	<i>bródne</i>
<i>svælta</i>	<i>svælt</i>	<i>svalt</i>	<i>svölte</i>

4. klasse (*ɛ - ɛ - a - å*):

<i>bæra</i>	<i>bær</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>
<i>sjæra</i>	<i>sjær</i>	<i>skar</i>	<i>skåre</i>

5. klasse (*a - ɛ - o - a*):

<i>fara</i>	<i>fær</i>	<i>for</i>	<i>fare</i>
<i>grava</i>	<i>græv</i>	<i>grov</i>	<i>grave</i>

Litt meir spesiell bøying har desse sterke verba ►O:

<i>bea</i>	<i>be</i>	<i>ba</i>	<i>bee</i>
<i>jeva</i>	<i>jev</i>	<i>gav</i>	<i>gåve</i>
<i>slō</i>	<i>sler</i>	<i>slo</i>	<i>sleie</i>
<i>sta</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>ste</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fekk</i>	<i>føyne</i>

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* eller *-el* i oppslagsforma ►O (f.eks. *galen*, *dubbel*), og 2) dei som ikkje gjer det (f.eks. *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

- | | | |
|-------------------------|------------------------|----------------------|
| <i>1) ein gal'n gut</i> | <i>ei galɛ mor</i> | <i>ett gale svar</i> |
| <i>galne guta</i> | <i>galna mør</i> | <i>galne svar</i> |
| <i>2) ein stor mann</i> | <i>ei stor ʃerijŋj</i> | <i>eit stort hus</i> |
| <i>store mənn</i> | <i>stora ʃerijŋja</i> | <i>store hus</i> |

På grunn av at endinga *-en* i *galen* står etter *l*, blir ordet uttalt *gal'n*, jf. Lydmønster ►L.

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|------------|------------|------------|
| 1) | <i>-en</i> | <i>-e</i> | <i>-e</i> |
| | <i>-ne</i> | <i>-na</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>-</i> | <i>-</i> | <i>-t</i> |
| | <i>-e</i> | <i>-a</i> | <i>-e</i> |

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			<i>hankjønn</i>	<i>hokjønn</i>	<i>inkjekjønn</i>			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
avhengig form	<i>mæg</i>	<i>dæg</i>	<i>hann</i>	<i>hædne</i>	<i>da</i>	<i>óss</i>	<i>dekö</i>	<i>dei</i>

Dei peikande pronomena i Arna har denne bøyингa:

Eintal			Fleirtal	
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Hankjønn	Hokjønn
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dei</i>	<i>dei</i>
<i>dædne</i>	<i>dædne</i>	<i>dætta</i>	<i>dæsse</i>	<i>dæssa</i>
<i>dadne</i>	<i>dadne</i>	<i>datta</i>	<i>dasse</i>	<i>dasse</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>	<i>hine</i>

Pronomenrekka *dædne* viser til noko nært, mens rekka *dadne* viser til det fjerne. Det vil seia at vokalane *e* og *a* markerer dette skiljet.

5. Forskjellar

5.1. Yngre og eldre dialekt

Denne grammatikkskissa viser eldre arnadialekt. På ein del punkt kan me sjå forskjellar mellom yngre og eldre dialektbrukarar.

Når det gjeld den yngre arnadialekten, har han store likskapar med bergensdialekten (sjå eiga skisse for dialekten i Bergen). Dette er ei utvikling dialekten i Arna ikkje er åleine om, men som me også kan finna i Fana, Laksevåg og Åsane (sjå eigne skisser for desse plassane). Fram til 1972 var Arna, Fana, Laksevåg og Åsane eigne kommunar, men frå og med då blei desse kommunane ein del av det såkalla Stor-Bergen, dvs. at dei høyrer til Bergen kommune. Desse fire nye delane av Bergen har hatt ei nokså samsvarande språkutvikling etter kommunesamanslåinga, og dei har alle fått bygdemåla sine påverka av bergensdialekten i stadig større grad. I Arna har for eksempel uttalen av *r*-lyden endra seg frå såkalla rulle-r ➤O til skarre-r ➤O. I dialektprøvane våre kan ein høyra at den eldre informanten varierer uttalen og bruker både skarre-r og rulle-r, mens den yngre informanten har gjennomført skarre-r.

7. Dialektprøvar

Tekst 1 ➤ L [lytteprøve]:

Ytre Arna de e ei bygd såmm vaks opp ront Arne fabrikke. Arne fabrikke vart etablert i attenséksåførti å varte vell te framm på mitt på nittensøttitale. Hér hadde ikkje våre nåken tiŋj ant enn ett par gara viss ikkje da va, va fårr denne hér fabrikken, elle fabrekke sånn så me sa. Me har einn del q-a inne i språke vårt. Me sjeie elvæ, å leynjer uti fjar'n har me, har me einn plass så heite Breistein såmm me sa Brøsstei. Å så me har vell einn del sånn hér språklege seregenheta. Første skul'n hér på plass'n dənn kåmm i attensjuåfemti å dənn e, e hér forrsatt, mənn no i nyę lokale. Å me hadde åg lannes əlse forrbruksforeniŋ, å dənn vart starta på attensekstitale. Å, ja, sant å då har me vell fått historien på plass'n hér sånn i ett, i en kortversjon. I dag e da einn plass kor me stort sett sov å et. Hér e lite industri ijenn.

Tekst 2 ➤ L [lytteprøve]:

- Hvor i England var dere henne?
- I Låndan. Ælla vi bodde ut'nfårr Låndan da, i Ilin. Så va vi ænjelsklass'n, vi va på studietur till Låndan. Så de va vældi ķækt. Så bodde vi hoss værtsfamiliar da. Eg å en veninne vi ble plassert hoss ætt gammelt æktepar å di vartet åss opp hele tid'n. Vi fikk mat hele. De va ķæmpeķækt.
- Hadde det fint der.
- Ja, vi hadde de vældi bra.

- Det er jo litt spennende når en skal bo hos en engelsk familie, sånn hvem en kommer til.
- *Ja, vi va jo kjæmpespænt på kæmm vi sku kåmme till, da, mænn di va vældi grei. Så de va kjæmpekjækt. Va vi dær en uke, fra sønndag till sønndag.*
- Det er jo bra.
- *Så masse åg.*
- Var dere rundt og så på turistattraksjoner og sånn?
- *Ja, vi va på maiyne. De va vi.*
- Var dere på noen skoler?
- *Nei. De va vi išše. Allså de va kanše noen andre så va de. Vi, fårr vi sku jåbbe me sånn prosækt mæns vi va dær nede, da. Noen så hadde musikk å nåkken så hadde sånn dans ælla mote va de vøll, å fotball va de nåkken så hadde. Ja, vi hadde musikk, da. Eg å så nåkken andre. Å vi skulle på besøk te sånn årganisašon dær nede, så vi va på de, å så, ja. De va sånn undasøkelse, vi måtte spørre falk på gat'n omm litt fåšelli, å så skulle vi præs'ntere de fårr alle sammen da siste dagen vi va dær. Vi va likksåm på en sånn skole dær nede. Allså de va en sånn intanašonal skole så likksåm årganiserte de opplægge så vi hadde, da.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Arna

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T[eigen art.]** og om nordhordlandsmålet her ➤ **T [eigen art.]**.

Hodnekvam, Ragnar: *Stadnamn frå Haus*. Hovudfagsoppgåve i norsk, Universitetet i Bergen 1939.